



Smart Container AS

Galteråsen 10a

5916 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar: Ref.:EMPMIA-

Skjemanr.:4378

Vår: 16/268 - 16/33853

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

09.12.2016

Søknad om tilskot

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914
Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Andre mottakarar:

Smart Container AS

Jorunn K Fosse

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
156/16	Formannskapet	PS	08.12.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øystein Sørhaug	16/268

Smart Container - søknad næringsfond

Vedlegg :

Søknad om tilskotFotoFotoUttale

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune løyver 200.000 kr til det omsøkte prosjektet «kommersialisering av saltblandeverket AGO-K12».

Formannskapet - 156/16

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FO - vedtak:

Lindås kommune løyver 200.000 kr til det omsøkte prosjektet «kommersialisering av saltblandeverket AGO-K12».

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet.

Bakgrunn

Smart Container er ei nyetablert verksemd som skal utvikla og produsera tekniske løysingar til mellom vegdrift, renovasjon og samferdsel.

Bl.a. har dei utvikla eit mobilt blandeverk for saltløysing til vedlikehald av isete vintervegar. Denne løysinga kan sjølv sagt flyttast der det er behov for saltløysing og blanding på staden. Dette vil vera ein stor effektivisering då det kun er tørrstoff som vert transportert over lengre avstandar (og ikkje saltløysing). Blandeverket kan trekkes av strøbil.

Det finst ingen andre tilsvarande løysingar på marknaden i dag.

Prosjektet har utarbeida ein prototyp og prosjektet står no framfor eit omfattande kommersialiseringstarbeid for å gjera sluttproduktet robust.

Målet er å vera klar med eit kommersielt produkt ila hausten/vinteren 2016 og vera klar til å produsera og levera 10-15 blandeverk når det kjem nye kontraktar i marknaden i 2017.

Kostnadsaktiviteter i prosjektet er:

· Vidareutvikling prototype	500.000 kr
· Dokumentasjon og CE	100.000 kr
· Produksjon av pilotserie	750.000 kr
· Marknadsføring	100.000 kr

Totalsum for prosjektkostnader er 1.450.000 kr.

Prosjektet ber næringsfondet om 200.000 kr i støtte (14%) og det resterande vert tatt i form av eigenkapital og eigne timer.

Vurdering

Prosjektet tilstrebar lokal verdiskaping, og framstår som eit prosjekt med god innovasjonshøgde.

Verksemda er tilknytta Industriutvikling Vest som og har kome med ein spesiell anbefaling knytt til gjennomføringsevne og at ideen bør vera marknadsmessig lønnsom. Det vert vurdert som positivt.

Næringsfondet til Lindås kommune skal spesielt prioritera prosjekt innanfor industriutvikling, kompetanseheving, marknadsføring/profilering og samarbeidstiltak. Vidare skal det vurderast etter skjøn gjennomføringsevne, sysselsettingsbidrag-/effekt, marknadshensyn og konkurranseomsyn. Prosjektet scorar godt på samtlige kriterier – spesielt interessant er produkt- og teknologiorienteringa som prosjektet legg opp til. I og med at det ikkje finst tilsvarande løysingar i dag er kompetanseutvikling- og byggjing eit sentralt og viktig poeng. Det lovar godt for at det kan eksistere ein betalingsvilleg marknad.

Strategiane til felles strategisk næringsplan Lindås og Austrheim vil og vere relevant for vurdering av støtta:

1. Ny industrireising på Mongstad (nyskaping, entreprenørskap)
2. Ein synleg og tydeleg region (profilering, omdømme)
3. Ein attraktiv bu- og opplevingsregion (reiseliv, turisme, oppleving, landbruk, kultur)
4. Aktivt, positivt vertskap (kompetanseutvikling, entreprenørskap)

Spesielt vil punkt 4 vere positiv ift dette prosjektet.

Lindås kommune ønskjer lukke til med prosjektet og at støtta kjem godt med!

Kva ligg til grunn for støtta?

- Tilskot må tilbakebetalast viss det ikkje vert gjennomført etter planen – ref retningslinjene. «Etter planen» vil sei foreliggende søknad til næringsfondet og eventuelle vedlegg.

- I retningslinjene til fondet står det at 50% av tilsagnet kan utbetalast ved oppstart og at resten vert utbetalt når investeringar er i samsvar med søknaden. Det er søkar sitt ansvar å dokumentera at investeringar er i samsvar med søknaden for å få utbetalat dei siste 50%
- Får verksemda mediaomtale ønskjer Lindås kommune at det vert opplyst at Lindås kommune har vore med på å støtta prosjektet.
- Det skal leggjast fram rekneskap etter at prosjektet er gjennomført – ref retningslinjene.
- For å betala tilskotet ut på forskot, ber me om å få tilsendt eit kontonummer, dvs. send ein e-post til oystein.sorhaug@lindas.kommune.no og med e-post overskrift «utbetalingsanmoding for [prosjekttittel] og [verksemd]».

Sjå elles dei til ein kvar tid gjeldande retningslinjene til næringsfondet på heimesida til kommunen.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

.....